



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
14/2907

Vår ref.
14/3934 - TJU

Dato
10.07.2014

Høyring - endring av forskrifter om eigendel og refusjon for vaksenpsykiatrisk poliklinisk verksemd og poliklinisk tverrfagleg spesialisert handsaming av rusmiddelavhengnad

Vi viser til brev 27. juni 2014 frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknadar:

Forskrifta om godtgjering av utgifter til poliklinisk helsehjelp er sett opp på ein svært spesiell måte. Mellom anna er tekst som etter vanleg praksis for regelverk skal vera delt inn i paragrafar, i forskrifta gjort til «merknader». Dette oppsettet er ikkje i samsvar med dei grunnleggjande krava til oppbygging av regelverk som mellom anna går fram av Justis- og beredskapsdepartementet sitt rettleingshefte «Lovteknikk og lovforberedelse».

Gjeldande forskrift om godtgjering av utgifter til poliklinisk helsehjelp bør difor opphevast og erstattast av ei ny forskrift, som blir sett opp i samsvar med dei grunnleggjande krava til regelverk.

Med vennleg helsing


Harald Aass
fagdirektør


Toril Juul
seniorrådgjevar